

På lag med
framtida.
Bømlo Venstre



VENSTRE

VALPROGRAM

BØMLO VENSTRE 2019—2023

Venstre er Bømlo sitt sosialliberale parti.

Venstre er Noregs eldste parti, og har stått bak liberale reformer som parlamentarisme, religionsfridom, juryordninga og ålmen røysterett.

Sentralt i Venstre sin ideologi har alltid vore idear om det einskilde mennesket si rolle som drivkraft i samfunnet. Liberal politikk tek utgangspunkt i det einskilde mennesket

Difor set Venstre folk først!

I vår tid har dessutan miljøvern og småbedrifter vore sentrale hjertesaker, både lokalt og nasjonalt.

Alle skal ha moglegheit til å bruke sine evner til beste for seg sjølv og samfunnet.

Venstre nyttar omgrepa liberal og sosialliberal om kvarandre.

Me ser den sosiale liberalismen som den fullverdige form for liberalisme.

Bømlo Venstre legg 10 liberale prinsipp til grunn for sin politikk:

- 1) Friheten skal gjelde overalt, for alle
- 2) Det personlege ansvaret er ufravikeleg
- 3) Alle har ansvar for kvarandre, for miljøet og for kommande generasjonar
- 4) Verkeleg fridom forutsett felleskap og rettferd
- 5) Alle er likeverdige, men ingen er like
- 6) Politikk skal fremje livskvalitet og menneskeleg vekst
- 7) Politisk makt skal komme nedanifrå
- 8) Makt skal spreiaast og vere balansert
- 9) Den liberale staten er upartisk, sterk og begrensa
- 10) Liberalismen er optimistisk og alltid undervegs

På jobb for Bømlo.



«Bømlo Venstre er på lag med framtida. Gjennom nytenkande, inkluderande og raus politikk, tek Venstre vare på den sosialliberale tradisjonen vår »

Eg kom til Bømlo i 1990 fordi det var jobb her. Perspektivet var 2 år. Vi vart buande her fordi det er ein flott kommune å vokse opp i for barn. Det er interessante arbeidsplassar der mange er utvikla gjennom kulturen av gründerskap og ein vart kjend med mange gjennom deltaking i lag og organisasjonsarbeidet. Dette er viktige kvalitetar for eit godt liv.

Med slagordet «På jobb for Bømlo» meiner eg at eg vil heile tida vil jobbe for å skape ein helsefremjande kommune som er førstevalet for dei som ynskjer å bu i regionen.

Me er eit parti for heile kommunen og ynskjer levande lokalsamfunn i heile kommunen vår. Helsefremjande lokalsamfunn ved at frivillige er «frie og villige», og det er tilrettelagt for gode naturopplevingar, skal gjera det godt og attraktivt å bu på Bømlo.

For at me skal ha berekraftig utvikling i kommunen må me heie fram den framtidiretta næringa som både er innovativ og grøn. Derfor vil me aktivt støtte dei varierende og innovative verksemdene i kommunen som går i front.

Målet vårt er at Bømlo skal bli ein grøn, sosial og liberal kommune som er på lag med framtida, og skal yte effektiv service av god kvalitet til alle innbyggjarar, basert på den enkelte sitt behov og føresetnadar - gjennom heile livsløpet.

Bømlo Venstre heiar på Bømlo og bømblingane!

Det er å vere på lag med framtida!

Godt val.

Anne-Beth Njærheim

Ordførarkandidat Bømlo Venstre

Bømlo Venstre er på lag med framtida.

Ein framtidig kommunestruktur skal gjere Bømlo-samfunnet rusta til dei oppgåver som kommunen skal utføre, slik at innbyggjarane kan identifisere seg med og ha eigarskap til kommunen sin.

Venstre meiner at Bømlo kommune klarer seg godt som eigen kommune. Då må me framover tenke som ein «smart-kommune», kor klima, kompetanseutvikling, omstilling og innovasjon er heilt sentralt.

Bømlo Venstre vil:

- at kommunen skal oppfylle FN sine berekraftsmål
- gjere det me kan for å oppfylle Parisavtalen og 1,5-gradersmålet
- jobbe for ein sunn, berekraftig og sirkulær økonomi
- ha eit grønt, nyskapande og allsidig næringsliv
- jobbe for ein skule tilpassa den enkelte sitt potensiale
- sørge for eit relevant utdanningstilbod i kommunen

Våre tre toppkandidatar:

Tone Stavland

Anne Beth-Njærheim

Frank Schmidt



venstre.no/bomlo

Eit miljø- og klimavenleg samfunn.

Framtida handlar om eit betre klima for oss og borna våre. Me skal verne om naturen og miljøet for å sikre ei berekraftig framtid. Det er krevjande, men gjev og nye moglegheiter.

Me ønskjer at det å bu på Bømlo skal gjera ein forskjell og ein skal bruka naturen og sjøen til rekreasjon.

Bømlo Venstre vil:


- at Bømlo kommune skal vere ein klimanøytral kommune, der alle innkjøp skal vere miljømerka og at dei kommunale verksemdene er miljøsertifisert
- innføre kommunalt klimabudsjett og klimarekneskap
- klimatilpasse og klimaomstille kommunen vår no. Bygg og infrastruktur skal tåle både klimaet og endra bruk for dei neste 100 år, minst.
- ta vare på, og få ha ei oppdatert kartlegging av, vårt biologiske mangfald, med særskild fokus på raudlista artar
- få ei oversikt over friområda våre og sikre desse
- jobba for å opprette landskapsvernområde for Siggjo og området omkring
- legge til rette for energistasjon i kommunen
- ha mange fleire ladestasjonar for elektriske køyretøy, også for lastebilar
- fornye gamle områdeplanar for lokalsentra
- ha reint hav og rein kyst, utan plast og anna forureining
- ha gratis returordning for plast, for private og organisasjonar etter strandrydding
- kjeldesortering i alle kommunale verksemder
- at Bømlo skal vera i front når det gjeld å fase ut gummigranulat i kunstgrasbanar
- jobba for enkle private klimatiltak, som til dømes og søknads/gebyrfritak for takbaserte solcellepanel.
- Nytte naturmaterialar som tre og dei historiske viktige mineralane våre, i nye byggeprosjekt
- jobbe for ei berekraftig havbruksnæring
- jobba for at Bømlo vert ein føregangskommune innanfor miljøteknologi
- styrke folkehelsearbeidet ved gjennomføring av friluftslivtiltak.
- tilby opplæring i friluftsliv i samarbeid med skule og frivillige organisasjonar

Samferdsel og arealplanlegging.

God infrastruktur er viktig for miljøet og næringslivet. Venstre vil at vedtekne planar skal følgjast, og vere eit verktøy for å nå kommunen sine målsetnadar. All arealforvaltning skal vere helsefremjande. Å sikre god mobilitet er bra for alle, og er med på å redusera sosial ulikskap, noko Vestland Venstre og Bømlo Venstre står saman om.

Bømlo Venstre vil:

- at bustadområde skal ha nær tilgang til sjøen
- fullføre Bømlopakken, samstundes vurdere andre innkrevjingsformar enn dagens bompengar
- at alle innbyggarane skal ha moglegheit til å få båt plass i ordningar med fellesanlegg
- ha universell utforming av lokalsentra
- forvalte areala våre dynamisk over tid - som til dømes at ein helseinstitusjon enkelt kan omgjeras til ei kulturinstitusjon, eller ein leikeplass kan bli ein annan type friområde, etterkvart som behov og befolkning er i endring.
- ha fleire universelt utforma turløyper kring lokalsentra
- at all naustbygging skal sikre tilgang til sjøen for ålmenta
- byggje opp eit kommunalt trafikk sikringsfond, der trygge skuleveggar vert prioriterte
- få ein vegplan for det kommunale vegnettet
- at Bømlo skal bli sykkelkommune, få eit eige sykkelprogram og ha gang- og sykkelveg til alle grunnskulane
- gjere trafikkfarlege vegstrekk trygge
- ha eit endå betre kollektivtilbod med mykje betre korrespondansar mellom bussar og båtar, samt få eit betre nattilbod for unge
- prøve ut nye og innovative løysingar tilpassa det lokale kollektivbehovet
- jobba for å få på plass «Bømlabanen» – (autonom buss)
- lysregulere Tronko bru (Brandasund)
- betre tilhøva for «knutepunktparkering» på stader som kaiene på Rubbestadneset, Langevåg og Eidesvik
- handheve jordvernet strengt og bevare den matjorda me har
- sikre verdifulle kulturminne og kulturlandskap
- seie nei til vindkraftverk (store vindmøller) på land
- ha ei nøytral arealforvaltning og eit arealrekneskap





” Me må verne om naturen og miljøet for å sikre ei berekraftig framtid for oss sjølve og barnebarne våre.

Frank Schmidt, Moster

2. kandidat for Bømlo Venstre



” Me skal jobba for all-aktivitetshus i sentrum, gjerne med innandørs fotballbane.

Tone Stavland, Bremnes

3. kandidat for Bømlo Venstre



” Eg vil jobbe for at det vert etablert fiskerihavn på Langevåg.

Ivar Barane, Langevåg

4. kandidat for Bømlo Venstre



” Sikre friområda våre og jobbe for at alle innbyggjarane har moglegheit til å få båt plass i fellesanlegg.

Silje Espeland Sivertsen, Økland

5. kandidat for Bømlo Venstre

venstre.no/bomlo

Velferd er hjelp når du treng det.

Varm velferd handlar først og fremst om tryggleik hos brukar/pasient, men og om rett kompetanse hos dei som utøver helsehjelp. Me meiner at eit velferdssamfunn vert best målt etter korleis me tek vare på dei svakest. I Noreg er det ikkje lenger viktigast å gje meir til alle, men å hjelpe dei som treng det mest.

Bømlo Venstre vil:

- leggje til rette for at dei som ønskjer det får høve til å bu i eigen heim og nærmijø, lengst mogleg
- heimebuande over 80 år får tilbod om heimebesøk som kartlegg funksjonsgrad for å førebygge funksjon nedsetting og ved å styrke avlastings- og dagtilbod
- felles informasjonsmøte for alle over 75 år om generell informasjon knytt til tenestetilbod, tilbod om sosiale aktivitetar og ein tryggare alderdom
- jobba for å oppretta fellesbustader for dei som treng kontinuerleg omsorg
- satse på teknologi, som vil frigje varme hender til omsorgsoppgåver
- auka satsing innanfor psykisk helse, spesielt for barn og ungdom
- leggje større vekt på førebyggjande helsearbeid ved å vidareføre folkehelsekoordinator i kommunen
- jobba for meir tilgang til helsesjukepleiar for elevane i skuletid
- samarbeid med næringslivet og arbeidslivet om å få på plass praksisplassar
- jobba for å inkludere nye innbyggjarar betre og ynskjer å etablere ei integreringsråd

følg facebook.com/bomlovenstre

Eit kreativt og verdiskapande Bømlo.

Bømlingen er sjølvstendig, innovativ og jobbar hard for å realisera draumane sine. Me er opptekne av gode vilkår for sjølvstendig næringsdrivande og dei mindre bedriftene, fordi velferdssamfunnet er avhengig av eit breitt og nyskapande næringsliv.

Dei framtidige arbeidsplassane er enno ikkje skapte. Difor treng me ein politikk som støttar småbedrifter og dyrkar fram gründerkultur på Bømlo.

Nyskaping må meir inn i både grunn- og vidaregåandeskule og gjerne kopla dette tettare saman med katapultsintersatsinga og næringsklynger.

Bømlo har også mykje å tilby innan kultur og reiseliv. Bømlo skal bli berekraftig reisemål og me skal løfte fram Geopark Sunnhordland med base i Moster amfi.

Bømlo Venstre vil:

- få på plass ein gründer- og nyskappingsstrategi som gjer det mogleg å teste ut nye idear og starte eiga verksemd – leggje til rette for møteplassar og mentorordning
- bruke kommunen si innkjøpsmakt til å etterspørja innovative og grøne løysingar
- krevje berekraft i alle ledd i arbeidslivet, sosialt og miljømessig
- ikkje tillate nye, framande bie-artar
- støtte opp om EØS og utvikle europeisk samarbeid, som er viktig for både opplærings-, nærings- og kultursektor
- jobba for gode vilkår for sjølvstendig næringsdrivande og småbedrifter, også innan landbruk og fiskeri
- Realisere fiskerihamn i Langevåg, samt utvikle alle dei mindre offentlege fiskerihamnene og kaiene våre.
- fortsatt ha eit levande landbruk både for matproduksjon, beredskap og for å vedlikehalde kulturlandskapet
- vere med på å utvikle eit meir berekraftig landbruk, med fokus på innovasjon og redusere klimautslepp og mindre bruk av plast
- ha meir entreprenørskap i skulen
- stimulere til innovasjon og gründerkap i kommunale verksemdar
- at alle ressursar må bli brukt i ein sirkulærøkonomi, kor ingenting blir avfall, berre nye ressursar
- gje flyktningar moglegheit til å komme raskt ut i arbeid, mellom anna ved prøve ut «fast track-ordningar» parallelt med at ein får introduksjonskurs
- støtte arbeidet med å gje Geopark Sunnhordland UNESCO status



A photograph of a schoolyard with two children. One child is standing on a yellow circle painted on the pavement, while another is leaning over a planter box. There are several other colorful circles (pink, blue, purple) on the ground. In the background, there are parked cars and a building. The text 'Kunnskap og like moglegheiter.' is overlaid in green on the right side of the image.

Kunnskap og like moglegheiter.

Alle barn skal få rygg til bere eigen bagasje i livet. Barn skal oppleve tryggleik og skulen skal vere med på å danne grunnlaget for livsmeistring. Skulen skal vere ein arena for demokrati og medverknad. Ein skule for kunnskap og like moglegheiter krev fagleg sterke lærarar. Difor vil Venstre gje alle lærarar påfyll gjennom systematisk etter- og vidareutdanning.

Bømlo Venstre vil:

- gi lærarane meir tid i klasserommet
- vera ein aktiv pådrivar for å utvida utdanningstilbod i regionen og vidareføre samarbeidet mellom arbeidsliv og skule
- støtte ei prøveordning der ein kombinerer fysisk aktivitet med teoretiske fag, med mål om variasjon i læringsmetodar
- at tilbodet innan vidaregåande- og høgare utdannings skal vera i tråd med det arbeidslivet treng i framtida
- halde fram med å styrke kulturskulen
- auke satsinga på rådgjevartenesta i skulen
- følgje opp det nasjonale målet om gratis SFO til dei som treng det. Jobba for eit kvalitetsløft i SFO, samt eit tilbod også til større borna som treng denne ordninga
- etablere forpliktande samarbeid med Ungt Entreprenørskap for å stimulere til økt interesse for nyskaping, teknologiutvikling og gründerverksemd
- auke satsinga på elevverksemdar i grunnskulen
- styrke morsmålsundervisninga og språkopplæringa for alle nye landsmenn og ha nynorsk som målform i vaksenopplæringa
- møteplassar for ungdom som studerar utanfor kommunen
- utvikle ungdomsrådet som ein demokratisk institusjon
- gi 16-åringar røysterett, og få Bømlo til å bli pilotkommune
- tilby ungdom i alderen 16 til 18 år sommarjobb ved kommunale institusjonar

Kulturkommunen Bømlo.


Eit godt kulturliv er ikkje berre nok som ein kan nyte på fritida, men er og helsefremjande og legg grunnlaget for barn og unge si livsmeistring.

Me forvaltar ein nasjonal kulturarv, som Bømlo skal bli meir kjent for. Våre regionale kulturaktørar leverer kultur på høgt nivå.

I 2024 skal me markera at det var 1000 år sidan Kristenretten var innført i Norge. Kristenretten avløyste dei norrøne lovene og var det nye juridiske systemet som samfunnet skulle styrast etter. Dette blir ei viktig feiring regionalt og nasjonalt.

Bømlo Venstre vil:

- styrka biblioteket som arena for kulturformidlar, integrering, debatt og demokratiutvikling. Utvida opningstidar og meir sjølvbetening er gode tiltak.
- støtte arbeidet med eit riksjubileum for Kristenretten på Moster 2024
- styrke gratis utlånsordninga av fritidsutstyr - «Bua»
- betre tilgang på nærmiljølokale til barn og unge sine fritidsaktivitetar
- sikre at skulane sine areal er tilgjengelege for nærmiljøet etter skuletid
- innføre eit gratis aktivitetskort for dei som treng det
- jobba for betre rammevilkår for våre kulturelle institusjonar
- styrka den kulturelle skulesekken og spaserstokken
- samarbeide med kulturskulen og frivillige organisasjonar for å utvide aktivitetstilbodet
- støtte det frivillige arbeidet gjennom å styrke stønadsordningane for lag og organisasjonar
- Vurdere behovet for fleirbrukshallar i fleire lokalsenter
- jobba for all-aktivitetshus i sentrum
- halde fram med å busette flyktningar, og ha eit sterkt fokus på å få alle ut i vidareutdanning eller arbeid
- leggje til rette for eit allsidig og inkluderande aktivitetstilbod
- at alle lokalsentra skal ha opne, sosiale møteplassar
- ha rusfrie samlingspunkt for ungdom - gjerne drifta av ungdom sjølv
- enkle tilskotsordningar til ungdomsaktivitetar i regi av ungdommen sjølv





Politisk rekneskap.

Kva har Bømlo Venstre gjort dei siste 4 åra?

Venstre har i perioden 2011—2019 vore med i eit budsjettssamarbeid med Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti . Denne koalisjonen har vedteke felles budsjett og andre vedtak kor Venstre har fått gjennomslag for sin politikk .

Bømlo Venstre har mellom anna vore med på:

- fått nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader kjem på Moster og Svortland
 - sikra 1 million kroner ekstra til Bømlo skulebibliotek
 - gjeve biblioteket heilt nye og moderne lokaler i Kulturhuset
- fått betre korrespondansar på Rubbestadneset kai med buss og båt
 - realisert Bømlopakken og ei rekkje infrastrukturtiltak
- fått til eit heilt nytt driv i lokaldemokratiet med ny aktivitet i grendautvala
- utvikla og regulert gode områder for næringslivet vårt til dømes ny-utvikling på Rubbestadneset
- vunne kampen om fortsatt vidaregåande opplæring i kommunen vår og revitalisert samarbeidet mellom næringsliv og vidaregåande skule

Følg med på nettsidene og facebook for det som skjer i valkampen, program, kandidatutspel, videosendingar , aktivitetar:

venstre.no/bomlo

facebook.com/bomlovenstre